



På Vatnastøl er det gjort ein stor restaureringsjobb

Boka om stølane i Kvinnherad er om kort tid klar frå trykkeriet.

Bakgrunnen for boka er ei omfattande stølsregistrering på 1980-talet og stølar som tema i Kvinnhersminne i 1994.

Skriftstyrar har vore Kaare Skaala. Lokale kontaktpersonar har hjelpt til med innsamling og skriving. Stølane i Uskedalen frå Ljosnes til Steinsletto er omtala med gardshistorie, driftsform, bilete og karttilvising.

Det er funne plass til nokre rammeartiklar. Bjørgulv Eik har såleis skrive om mjølkeklassane på gardane Fet, Eik og Steinsletto.

Restaureringa av sela på Vatnastøl 1993 - 1995 er omtala.

I ei bok, som omfattar ein kommune som geografisk område, må det gjerast eit utval. Slik er det i stølsboka og. Tanken var å ta med alle heimestølane. Frå Uskedalen har vi plukka ut mjølkeklassane frå bruka på tre gardsbruk, dette som eit døme. Nær på 20 sider i boka handlar om stølane i Uskedalen.

Utsalstprisen i bokhandelen vil vera kr. 350,-

Kvinnherad Mållag er utgjevar

Boka kan vera klar for kjøp alt i slutten på neste veke

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal